

ØKONOMIPLAN 2010-2013

AURLAND KOMMUNE



MAI 2009

INNHALDSLISTE

Innleiing.....	3
Inntektene i perioden – drift.....	3
Utgiftsnivå i perioden – drift.....	4
Investeringsoversyn i perioden.....	4
Tilråding.....	4
Vedlegg I – taldel drift i perioden.....	5
Vedlegg II- taldel investeringar i perioden.....	6

Innleiing

Rådmann sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2010 - 2013 vert lagt fram for handsaming i formannskap og kommunestyre.

Rådmannen sitt framlegg økonomiplan legg opp til slik justering av driftsråme for dei ulike tenesteeiningane i høve til vedteke driftsbudsjett for 2009:

Ansvar:

110	Rådmannen.	Noverande nivå vert framskreve.
210	Aurland barne og ungdomsskule	Noverande nivå vert framskreve.
220	Kommunale barnehagar	Noverande nivå vert framskreve.
230	Flåm skule	Noverande nivå vert framskreve.
300	Helse og sosial	Noverande nivå vert framskreve.
310	Rehabilitering pleie og omsorg	justering etter KS 038/09
500	Kommunal driftseining	Noverande nivå vert framskreve.
700	Brann og kommunal beredskap	Noverande nivå vert framskreve.
810	Mva komp	Endra – overført til investeringar
900	Felles utgifter	Noverande nivå vert framskreve.

I likheit med tidlegare år er det ikkje lagt inn auke i drifta som følgje av løns og prisauke, samt konsekvensar av nye tiltak. Framlegg til økonomiplan tek omsyn til vedtak i kommunestyre om auka driftsråme for pleie rehabilitering og omsorg.(PS 038/09) Fleire år med omstrukturering og omstilling har ført til at Aurland kommune har makta å stabilisere drifta på eit forsvarleg nivå.

Den største investeringa i tidlegare økonomiplan – Aurlandshallen er no ferdig. I perioden 2010-2013 vert det lagt opp til store investeringar knyta til rehabilitering av ABU/AIS.

Ei nemnd som er satt ned vil i løpet av 2009 gje si innstilling ny barnehagestruktur. Evnt tiltak i tilknytning til dette vert å kome attende til etter at innstillinga er handsama politisk. Ei tilsvarande nemnd er også satt ned for å sjå på ny driftssentral for kommunal driftseining. Elles vert det føreslege midlar til å få på plass sentrumsnære tomter, jfr revisjon av samfunnsdel- og arealplandel i kommuneplan.

Inntektene i perioden, drifta

Med utgangspunkt 2009 som basisår er forventa inntekter framskreve til og med 2013.

I høve til økonomiplan for perioden 2009-2012 er anslag for eigedomskatt nedjustert frå 45 mill til 42 mill i perioden. Konsesjonsavgiftene vert justert kvart 5. år og det er teke høgde for dette frå og med 2010.

Utgiftsnivået i perioden, drift

Utover justering av driftsnivå som er skildra i innleiinga legg utkast til økonomiplan opp til same kronenivå som budsjettet for 2009 i åra framover. Tilskot til næringsutvikling og reiseliv vert føreslege vidareført i perioden på same nivå som i 2009.

Utgifter knyta til Nynorske Litteraturdagar held fram og er lagt inn i ansvarsområde 900

Investeringsoversyn i perioden

Det er lagt opp til eit investeringsvolum på ca 123 millionar i perioden. Post for kommunale bustadfelt er og oppjustert i høve til gjeldande økonomiplan slik at ein kan få realisert nye sentrumsnære bustadfelt i tilknytning til Aurlandsvangen. Det vert og føreslege midlar til rehabilitering av Otternestunet, jf utarbeidd tilstandsrapport.

Rådmannen gjer og framlegg og at det vert satt av midlar til gjennomføring av gang og sykkelvegar som er innarbeidd i trafikktryggleiksplan. Dette vil føre til redusert trong for skuleskyss på strekningar som i dag har trafikkfarlege tilhøve for mjuke trafikantar.

Det er lagt opp til lånefinansiering av tiltaka med ca 58 millionar i perioden, noko som vil føre til auka renter og avdrag på sikt.

Redusert eigedomsskatt, omlegging av inntektssystem for barnehagar gjer at utfordringane framover vert som tidlegare, - å ha ei kostnadseffektiv drift utan at dette går ut over tenestenivået i kommunen. Dette slik at kommunen heile tida kan tilpasse dei til ei kvar tid rådande rammeføresetnadane som vert lagt til grunn frå sentralt hald.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek driftsnivå for 2010 slik det ligg føre i framlegg til økonomiplan for perioden 2010- 2013 med 2009 som basisår.

Kommunestyret vedtek investeringsråde i perioden 2010 - 2013 slik det ligg føre i framlegg til økonomiplan for perioden 2010-2013.

Når det gjeld spørsmål om ny barnehagestruktur og eventuelle investeringar i tilknytning til denne, ber kommunestyret om at det vert utarbeidd eiga sak.

Kommunestyret vil understreke at det er viktig og få fram nye sentrumsnære bustadfelt. Planlegging, grunnverv og opparbeiding til dette føremålet vert satt i verk straks, jf målsetjinga i samfunns og - arealdel i revidert kommuneplan.

For kvart prosjekt skal det utarbeidast forprosjekt med driftsmessige konsekvensar og framlegg til finansiering før prosjekta vert lagt fram for løyvings- og oppstartvedtak

Aurland 27.05.2009

Mogens Schanke Eikum
-rådmann-

18.06.2009 KOMMUNESTYRET

KS-057/09 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek driftsnivå for 2010 slik det ligg føre i framlegg til økonomiplan for perioden 2010- 2013 med 2009 som basisår, med desse endingane:

- Trafikktiltak Gudvangen vert flytt fram til 2010
- Kloakkrenseanlegg Vassbygdi skal leggst fram som ny sak
- Rehabilitering AAS 1958 – 1972 vert flytt til 2012
- Restaurering Ottnes vert endra til 800 i kvart år
- Brannbil vert flytt fram til 2011

Kommunestyret vedtek investeringsråde i perioden 2010 - 2013 slik det ligg føre i framlegg til økonomiplan for perioden 2010-2013.

Når det gjeld spørsmål om ny barnehagestruktur og eventuelle investeringar i tilknytning til denne, ber kommunestyret om at det vert utarbeidd eiga sak.

Kommunestyret vil understreke at det er viktig og få fram nye sentrumsnære bustadfelt. Planlegging, grunnerverv og opparbeiding til dette føremålet vert satt i verk straks, jf målsetjinga i samfunns og - arealdel i revidert kommuneplan.

For kvart prosjekt skal det utarbeidast forprosjekt med driftsmessige konsekvensar og framlegg til finansiering før prosjekta vert lagt fram for løyvings- og oppstartvedtak
Samrøystes

VEDLEGG I

Ansvar	Aurland kommunestyre K-sak 057/09. - DRIFTSBUDSJETT ØKONOMIPLAN 2010 - 2013						2013
	ÅR		2009	2010	2011	2012	
	OMRÅDE	Utgift/inntekt	Budsjett				
100	POLITISK LEIING	Netto utgift	2 400	2 400	2 400	2 400	2 400
110	RÅDMANN	Netto utgift	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
210	ABU	Netto utgift	16 000	16 000	16 000	16 000	16 000
220	KBA	Netto utgift	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800
230	SUF	Netto utgift	5 500	5 500	5 500	5 500	5 500
300	HS	Netto utgift	10 550	10 550	10 550	10 550	10 550
310	PRO	Netto utgift	33 600	34 050	34 050	34 050	34 050
500	KDE	Netto utgift	19 000	19 000	19 000	19 000	19 000
700	BKB	Netto utgift	3 200	3 200	3 200	3 200	3 200
810	Mva komp invest	Netto utgift	(6 000)				
900	Nøytrale inntektar/utgifter	Netto utgift	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400
Sum tiltak:			109 450	115 900	115 900	115 900	115 900

ÅR		2009	2010	2011	2012	2013
INNTEK TAR						
Skatteinntektar	Inntekt	(62 300)	(64 300)	(64 300)	(64 300)	(64 300)
Rammetilskot	Inntekt	(11 300)	(11 300)	(11 100)	(11 100)	(11 100)
Eigedomsskatt	Inntekt	(45 400)	(42 000)	(42 000)	(42 000)	(42 000)
Konsesjonsavgiftsfond	Inntekt	(12 900)	(14 000)	(14 000)	(14 000)	(14 000)
Andre generelle statstilskot	Inntekt	(1 790)	(1 500)	(1 500)	(1 500)	(1 500)
Sal av konsesjonskraft (netto gevinst)	Inntekt	(5 000)	(5 500)	(5 500)	(5 500)	(5 500)
Renteinntektar	Inntekt	(4 300)	(4 300)	(4 300)	(4 300)	(4 300)
Renteutgifter*	Utgift	5 900	5 400	5 400	5 400	5 400
Avdrag på lån *	Utgift	5 500	5 500	5 500	5 500	5 500
Motteke avdrag på lån	Inntekt	(1 000)	(1 000)	(1 000)	(1 000)	(1 000)
Avsetning til disp.fond	Utgift	1 640				
Avsetning til konsesj.avg.fond	Utgift	15 400	14 200	14 000	14 000	14 000
Overføring til investeringsbudsjett	Utgift	6 100	2 900	2 900	2 900	2 900
Sum inntekter		(109 450)	(115 900)	(115 900)	(115 900)	(115 900)
* eksist lån		-	-	-	-	-

AURLAND KOMMUNESTYRE K-SAK 57/09 ØKONOMIPLAN 2010 - 2013. -INVESTETERINGAR									
Ansvar	Tiltak	ÅR					2013	SUM 2010-2013	
		2009	2010	2011	2012	2013			
110	Geovekst	budsjett							
110	Tettstadutvikling	230	100	250	100	200	650	Flyfotografering, ajourføring av kartverk	MERKNAD
110	IKT- Investeringar inkl.- ÅLAV	2 000	1000	500	2000	2000	5 500	Opparbeiding av Aurlandsvangen	
1110	Investeringar kyrkja	1 000	1500	1000	1000	1000	4 500	Oppgadering IKT, mellom anna ABU	
110	1000 - års stad	400	400	400	400	400	1 600	Tilskot til Den Norske Kyrkja/investeringsprosjekt	
110	Kryssing E 16	100							
500	Trafikktryggingssplan	100							
500	Sikring av st.mur - 6 manns bustad Høydalen	250	250	250	250	250	1 000	Jf.KS- 144/07 - årleg løyving	
500	Trafikktiltak Gudvangen		1000		500		500	Sikring av betongmur- prioritert tiltak pga tryggleik	
500	Gang & sykkelveggar		1500	200	700	2000	1 000	parkering for bussar	
500	Kommunale bruer/vegar	400	400	400	400	400	4 400	jf trafikktryggleiksplan	
500	Reg.plan arb Gudvangen	750					1 600	jf inspeksjonsrapport frå Safecontroll	
500	Toalettbygg badestrand Flåm				700			avsluttast 2008	
500	Utskifting maskiner & Utstyr KDE	1 000	950	1000	700	1200	700	Toalett/gardrobebygg badestrand i Flåm	
500	Heradshuset (visningssenter)	100					3 850	Jf Utskiftingsplan for KDE	
500	Kloakkrenseanlegg Vassbygdi	1 300	1500				-		
500	Oppussing Ungdomsklubb	300					1 500	Oppstart 2009 , sluttføring i 2010	
500	Ombygging NAV kontor	1 000							
500	Mobil toalettvogn	175							
500	Høgdebasseng Klockargården/Ystebøen								
500	Flåm vassverk				100	500	600	Nytt høgdebasseng i tilknytning til bustadfelt	
500	Aurland Vassverk			200	3000	3000	6 200	Nytt høgdebasseng og vassbehandlingsanlegg i Tjødni	
500	VA-leidning Rygg	300					-	Utbetring av eksist.vassverk	
500	Utskifting leikeanlegg	100			600	600	1 200	Rehabilitering av eksisterande leidningsnett	
500	Kommunale eigedomar	3 550	100	600	300	100	1 100	Rehabilitering av kommunale leikeanlegg	
500	Fleirbrukshall	6 700	3000	2000	3500	4000	12 500		
500	Kommunale bustadfelt/bustadføremål								
500	Rehabilitering ABU	2 000	1000	3000	2000	1000	7 000	Smiebakken	
500	Ombygging AIS**	10000	13000	16000	4500		33 500	Jf vedtak i kommunestyre	
500	VA anlegg Otternestunet	550			2500	5000	7 500	Ombygging til kulturhus/kulturskule/kino	
500	Restaurering Otternestunet	800					-		
500	Rehab./ombygg/ENØK Heradshuset		800	800	800	800	3 200	Jf rapport frå Mons Kvamme/Geir Vetti+brannsikring	
500	Rehab/ ENØK AIS		2000	2000	2200	2000	8 200	Jf. ENØK rapport og tilstandsrapport	
500	Rehab. Tidl. AAS 1958-1972 fløy				2000	200	2 200	Jf ENØK rapport og tilstandsrapport	
700	Diverse tiltak/ny brannbil/utsifting komandobil				1000	2500	3 500	JF forprosjekt	
	Sum tiltak:	33105	28500	30600	31250	27900	118250	4 750	Ny brannbil og utskifting av komandobil

Sum finansiering	2009	2010	2011	2012	2013	SUM
Spelemidlar(Fleirbrukshall)	-	(465)	(3 500)	(4 900)	-	(8 865)
Mva refusjon	-	(6 000)	(6 000)	(6 000)	(6 000)	(24 000)
Trafikktryggleiksmidlar	(100)	(100)	(100)	(100)	100	(200)
Konsesjonsavgiftsfondet	(5 105)	(5 000)	(5 000)	(5 000)	(5 000)	(20 000)
Disposisjonsfondet	(6 800)					-
Overført frå drift	(6 100)	(2 900)	(2 900)	(2 900)	(2 900)	(11 600)
Eksterne lån	(15 000)	(14 035)	(13 100)	(12 350)	(14 100)	(53 585)
Sum finansiering	(33 105)	(28 500)	(30 600)	(31 250)	(27 900)	(118 250)

- - - - -